



Alkoholkontrollen i Nordhordland og Gulen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/553 - 15/14133

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

26.11.2015

## Vedr. rapport - spørsmål om utdjuping

Radøy kommune har mottatt rapport frå kontroll av skjenkeløyve på arrangement i Hordabøhallen 21.11.2015. Denne inneheld to merknadar om brot på alkohollova og forskrift til lova og eitt mogleg brot på same lovverk. Merknadane er utdjupa i sjølve rapporten som er signert av skjenkekontrollør og løyvehavar. Me vil med dette brevet be om å få eventuelle utdjupa kommentarar frå begge partar. Dette er eit friviljug tilbod dersom de har meir å tilføra til sjølve observasjonane, eller vil kommentera kva de ser for dykk vidare.

Me syner til delar av punkt 4.3 i Rusmiddelpolitisk handlingsplan som er vedteke i Radøy kommunestyre: *«Det kanskje viktigaste førebyggjande arbeidet skjer i lokalmiljøet gjennom forvaltninga av alkohollova. Alkohollova gir kommunen utstrakt fridom til å bestemme eigen alkoholpolitikk. Radøy kommune vil føre ein ansvarleg løyvepolitikk som reduserer dei skadeverkande konsekvensar på individ og samfunn som alkoholbruk kan medføre».*

Frist vert sett til 17. desember 2015.

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli

konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alkoholkontrollen i Nordhordland  
og Gulen  
Hordabø IL